




Det kongelige landbruks- og matdepartement



Vår ref
14/1482-2

Etat/ avd.
TE

Saksbeh
KMO

Ark.
V00 &13

Dykkar ref.

Dato
25.11.2014

HØRINGSBREV - FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM MIDLER TIL INVESTERING OG BEDRIFTSUTVIKLING I LANDBRUKET

Saksnr D NTA 75/14

1. ADMINISTRASJONEN SI INNSTILLING:

I medhald av delegeringsreglement vedteke i kommunestyret 20. juni 2013, vert det gjort følgjande uttale:

§3 tiltaksgrupper og tiltaksnivå

“Andre tiltak” er fjerna frå forskrifa med begrunnning i at dette gjev opning for tolking frå Innovasjon Norge og uføreseielegheit for søker. Fellesskapstiltak og mobiliseringstiltak fell då vekk frå denne ordninga. Dette er viktige tiltak departementet då må sikre stønadstilgang frå andre fonds.

§4 Søknad og utbetaling

Det vert gjeve ei presisering i høyringsbrevet: “Det vil være en føresetnad at vilkår som stilles er rimelige, og Innovasjon Norge vil ikke kan ha adgang til å stille vilkår som ikke har tilknyting til selve tiltaket det søkes tilskudd for.” Dette er eit viktig prinsipp som vi gjerne såg definisjon av grenseoppgangen for.

§5 Administrasjon, dispensasjon og klage

Vi er av den formeining at tilskot av offentlege midlar bør vere offentlege med unntak av tilfelle som føl av forvaltingslova og offentleglova. Omfang av tilskot til den enskilde bør vere offentlege for å sikre likebehandling og betre rettssikkerheit til dei som søker jf. lov om meiroffentlegheit.

2. DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Dokument merka med * ligg ved.

*Høyringsbrev datert 1.10 2014

*Forskrift om midler til inverstering og bedriftsutvikling i landbruket

3. FAKTA OM SAKA:

Landbruks- og matdepartementet har sendt med henvising til Prop. 106 S (2013-2014) *Jordbruksoppgjøret 2014* og Prop. 164 S (2012-2013) *Jordbruksoppgjøret 2013* forslag til forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket på høyring med høyringsfrist 28.november 2014.

Med utgangspunkt i de to siste jordbruksoppgjøra er det nødvendig å endre forskrift 28. januar 2009 nr 75 om midler til bygdeutvikling. "Forskrift om midler til bygdeutvikling" (av 28.jan 2009 nr 75) vert endra til "forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket". Til trass for at det ikkje er store endringar i innhaldet, meiner departementet det er naturleg å erstatte gjeldande forskrift med ein ny. Innhaldet i forskriftera er forenkla og sentrale og regonale BU midlar tatt ut av forskriftera, og berre bedriftsretta BU midlar vert no omfatta av denne forskriftera.

Med helsing

Torbjørg Austrud
kommunalsjef


Kari Mostad
rådgjevar

Vedlegg:

Kopi til: Møtebok for utvalet